Hei,

Her kjem litt info frå saueprosjektet «Sau i Pluss» som Norsk Landbruksrådgiving driv.

Omtale av prosjektet og prosjektplan m.m. finn de her:
http://sognogfjordane.lr.no/sauipluss/

Infomøte i kommunane
Informasjon om prosjektet til alle sauebønder i fylket er eitt av delmåla. Dette har vi arbeidd mykje med og vil halde fram til vi er komne over alle kommunane.
Desse kommunane står att:

Askvoll
Fjaler/Hyllestad
Gaular
Balestrand
Luster
Hornindal
Selje/Vågsøy
Flora
Solund

Årdal, Lærdal og Aurland har eige småfeprosjekt.

Infomøte i Askvoll er sett til torsdag 30. oktober kl 19.30-22.00
Vi ser føre oss at vi arrangerer 3-4 møte no før paringa startar, og resten etter jul.

Det er berre å ta kontakt straks slik at vi får planlagt møte til før paringsstart!!

Stor interesse
Det har vore ei stor glede å få lov å arbeide med prosjektet sidan jan 2013. Etter ein start med fokus på info og fagmøte, har det vore veldig stor interesse blant sauehaldarar/potensielle sauehaldarar for å få hjelp til vegval, økonomi, driftsplan, innandørsmekanisering, byggteikningar og kostnadskalkyler. Totalt har 68 personar teke kontakt med oss for å få hjelp. Det merkast at det er god fokus på sau i fylket. Dette skuldast nok fleire ting, men saueprosjektet har nok bidrege positivt til at mange ynskjer å satse.

Interessa er jamt fordelt frå heile fylket, men vi ser behovet for å få ut info til dei kommunane som er lista opp ovanfor.

Innovasjon Norge er «pengelens»
Det kom melding frå Innovasjon Norge i september om at det var stopp i behandlinga av nye søknader om støtte til bygg her i fylket. Potten for dette året var oppbrukt. Dette betyr at prosjekt som ligg klar (driftsplan, kalkyler og teikningar) må vente til jan-feb 2015 før ein får sendt inn søknad. I prosjektregi gjeld dette prosjekt som ville ha løyst ut investeringstilskot på ca 3,5 mill kroner. Det kan difor sjå ut som at det vert kamp om midlane i åra som kjem. Innovasjon Norge fryktar dei får redusert tilskotspott neste år. Dette gjer situasjonen ikkje betre.

Det gledelege i dette er at det er stor aktivitet og rift om investeringsstøtta. Midlane går hovudsakleg til fjøs til storfe og småfe, og til hagebrukssatsingar.

Pilotfjøsar

2 av pilotfjøsane i prosjektet vart teke i bruk i siste innefôringssesong. Dette gjeld fjøsen til Siv Marit og Jostein Fuglestrand i Kandal i Gloppen og fjøsen til Hilde Isane Hjelle og Knut Tore Nes
hjelle på Eid. Meir om desse fjøsane ser du her:
http://sognogfjordane.lr.no/sauipluss/20296/

Vi har planar for pilotfjøs nr 3 og 4, medan siste piloten enno er «ledig».

Prosjektet vil ha stor nytte av pilotane i arbeidet med å formidle informasjon om ulike tekniske løysingar og driftsopplegg i fjøsen. Vertskapet får betalt for kvart besøk dei har i fjøsen, så sant dette går i regi av prosjektet.

Fagturar
Vi har arrangert fleire fagturar så langt i prosjektet. Dette gjeld besøk til pilotfjøsane og besøk til fjøsar i Sunnhordland (2 store fjøsar). Dette er ein effektiv og grundig måte å få spreidd kunnskap om ulike oppstallingsmåtar (småbinge eller storbinge) og ulik innandørsmekanisering (grovfôrhandtering, kraftfôrtildeling m.m.).

Vi vil ha auka fokus på fagturar og pilotfjøsane i tida framover. I samarbeid med dykk ynskjer vi å arrangere «laurdagsturar» til dei to pilotfjøsane som er i drift i Nordfjord. Det vil vere naturleg å stikke innom eit 3. fjøs med klassiske løysingar på i-mek og oppstalling i Gloppen eller i Eid på ein slik tur. I praksis ser vi januar-mars som naturleg tidsrom for desse turane. Her er det berre å ta kontakt slik at vi kan planlegge i god tid.

God planlegging er viktig
Når ein sender ein søknad til Innovasjon Noreg om støtte til nybygg/ombygging av eksisterande fjøs er det viktig at planane er grundige og vel gjennomtenkte. Vår oppmoding til bønder som ynskjer å satse er å ta kontakt i god tid. Under planleggingа kjem det fram nye moment som treng litt «modningstid». Dette er ein viktig del av førearbeidet som ein ikkje vil angre på seinare.

Til slutt litt hyggeleg slaktestatistikk frå Nortura pr 28. sept:
Sogn og Fjordane har:
- Høgst slaktevekt i landet
- Nest høgst klasse i landet
- 86,5% stjernelam

Detaljar kan du lese her: Slaktestatistikk Nortura

Vi håpar på framleis godt samarbeid med Sau og Geit i fylket, og at vi i felleskap får til eit løft for sauehaldet i fylket!

Beste helsing

Arve Arstein (prosjektleiar) Edvin Hugvik (prosjektmedarbeidar

Norsk Landbruksrådgiving